

HISTORIKAR VERK SEMDA

Kulturminnedokumentasjon

Årstad. Gnr.17 Bnr.157 mfl., Conrad Mohrs veg

Innhald

1. Innleiing	3
2. Områdets historie	4
2.1 Utbygginga av kommunikasjonar	4
2.2 Sentrum og villabygging	5
3. Bygningsmiljø	7
3.2 Bygningane innanfor planområdet	8
4. Andre typar kulturminne	10
5. Foto og kart	11
6. Avslutning	40
7. Litteratur og kjelder	41

Desember 2018 / Juni 2024

PROSJEKT: Årstad. Gnr.17 Bnr.157 mfl., Conrad Mohrs veg

FORSLAGSSTILLAR: Conrad Mohrs vei 15 AS

PLANKONSULENT: Ard arealplan

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

Håvard Klyve Parr, faghistorikar

KONTAKT: haavard@historikarverksemda.no | +47 971 14 202

1. Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med reguleringsplanen *Årstad. Gnr.17 Bnr.157 mfl., Conrad Mohrs veg* i Bergen kommune. Rapporten er laga på oppdrag frå tiltakshavar Conrad Mohrs vei 15 AS, som i samarbeid med Ard arealplan har sett i verk nyregulering av planområdet.

Planområdet ligg på Minde ved Kristianborgvannet, i Årstad bydel og omfattar i hovudsak eigedomane gnr. 17, bnr. 157 og gnr. 15, bnr. 468. På eigedomane ligg i dag administrasjonsbygget til BIR, med adressa Conrad Mohrs veg 15. Området grensar til område med næringsbygg i nord, Fjøsangerveien og Kanalveien i vest, til bustadområder i aust og til Kristianborgvannet i sør. Planområdet er på omlag 47,5 daa, og avsett til sentrumsføremål (S1, S2 og S4), friområde og grøntområde i den gjeldande områdereguleringsplanen, arealplan-ID: 1201_61140000. Planområdet omfattar også ein del av reguleringsplan for Kristianborg barnehage, arealplan-ID 61470000 og Kristianborg, arealplan-ID 3150000.

Føremålet med reguleringa er å legge til rette for ei endring frå dagens bruk som næring og kontor, til bustad, nærings- og forretningsføremål. Andre føremål som fell inn under sentrumsføremål vil også verte vurderte. Eksisterande bygg er planlagt fjerna og nye bygg skal planleggast med utgangpunkt i vedteken områdereguleringsplan for eigedommane.

Denne dokumentasjonen er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder (sjå litteraturliste), mellom anna tinglyst materiale, kart, teikningar, fotografi, samt samtalar med driftspersonale og observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet vart utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 22. og 28. november 2018. Alle foto er teke av Historikarverksemda under desse synfaringane med mindre anna er oppgitt i biletteksten.

Rapporten er oppdatert i juni 2024 med ei oppsummering og utgreiing av konsekvensar for eksisterande kulturmiljø ved gjennomføring av det planlagde prosjektet.

2. Områdets historie

Planområdet ligg på nordsida av Kristianborgvannet og var opphaveleg ein del av gardane Nygård og Nyhaugen, som låg i tidlegare Fana kommune.

Mindemyren var tidlegare eit myrområde mellom Solheimsvannet og Kristianborgvannet. Sjølve myra, som planområdet er ein del av, var lite brukbar og busetnaden har fram til moderne tid lege kring myra. Det gjekk ein samanhengane kanal mellom dei to vatna, men det er ikkje kjent når denne vart etablert. Ein synleg vassveg mellom Kristianborgvannet og Solheimsvannet er å sjå på på Gottbergs kart frå 1772 (Fig. 3), men det er vanskeleg å seie om dette er ein kanal eller ei naturleg elv.

Kulturmiljøet på Mindemyren har vorte forma i fleire fasar. Frå 1760- og 70-talet vert det rydda store områder med utmarkt knytt til Fjøsanger gård. Dette gav rom for fleire husmannsplassar. Ein av desse var Nygård, som det meste av planområdet høyrer til. Garden Nygård vart matrikulert som eigen gard i 1809. Før dette rekna folk altså garden som ein husmannsplass under Fjøsanger. Den austre delen av planområdet (gnr. 15. bnr. 468) har vore ein del av garden Nyhaugen. Også denne vart matrikulert som eigen gard og skild frå Fjøsanger i 1809. Nyhaugen, som låg som eit smalt belte frå botnen av Fjøsangerbukta i sør langsetter austsida av Kristianborgsvatnet og til Solheim i nord, vart rydda i 1670-åra (Sjå gardskart Fig. 9). Den nordlege utmarka av Nyhaugen vart seld til eigaren av garden som seinare vart heitande Minde. Etter etableringa av jernbanen i 1883 byrja eigarane av både Nyhaugen og Minde å selje parsellar av gardane og i slutten av 1920-åra hadde det meste vorte til villahagar.

Tunet til garden Nygård låg sørvest for Kristianborgvannet, noko høgre enn planområdet. Og som ein ser av gardskartet (Fig. 9), så ligg planområdet noko perifert i høve tunet. I 1850 vart Kristianborg skilt ut frå Nygård og fram til 1914 var det to gardsbruk. Det meste av planområdet vart då ein del av Kristianborg. Denne garden vart stykka opp i tomter, og Nygård blei igjen delt opp i Søre- og Nore Nygård. Nore Nygård vart som Kristianborg seinare selt ut som tomter. Denne oppstykinga av bruka på Minde heng saman med utviklinga av kommunikasjonane og behova eit veksande Bergen hadde (Fig. 10).

2.1 Utbygginga av kommunikasjonar

Den eldste køyrevegen til Fjøsanger gård vart anlagt av godseigar Jon Mariager omkring 1770 (Fig. 3). Løbergsveien/-alléen gjekk frå Solheimsviken til Fjøsanger. I 1862 vart ein ny offentleg postveg bygd langs dalføret sørover til Fjøsangerbukta. Det er denne vegen vi dag kjenner som Fjøsangervegen. I 1922 vart det vedteke at Fjøsangervegen skulle vere hovudtrafikkåra sørover frå Bergen.

I 1883 opna Vossebanen og i 1894 vart den første stasjonsbygningen på Minde oppført der banen kryssa Minde Allé (Fig. 14), altså noko nord for planområdet. Jernbanen fylgde Solheimsvatnet, og vidare kanten av myrområdet sørover Mindemyren og gjekk på vestsida av Kristianborgvannet. I 1930 vart Kristianborg holdeplass etablert nordvest for

Kristianborgvannet, vest for planområdet. Det vart etablert fleire sidespor til jernbanen og utbygginga fekk mykje å seie for endringane i kulturmiljøet på Minde.

Industrietableringa på Mindemyren skjedde i nærleiken av traseen til Vossabanen. Utviklinga skaut fart då leveringa av straum frå Samnangervassdraget tok til i 1912. Den første etableringa av industri skjedde i nord, kring Fabrikkgaten og i området ved reperbanen i Fjøsangerveien. Tett nord for planområdet etablerte Den norske hårduksfabrikk seg i 1914/15. Fabrikken (synlg i Fig. 10, 16 og 17), med adresse Conrad Mohrs veg 9, hadde 10 arbeidrarar i 1918. Bygget som i dag står har ikkje teke vare på det opphavelige fabrikkuttrykket.

Mindemyren hadde blitt drenert for jordbruk, men denne dreneringa var ikkje tilstrekkeleg for større industribygg. Frå 1950 var det igjen industriekspansjon. Myra vart då drenert til botns. Elva Lonen vart lagt i lukka kanal og Kanalvegen anlagt over denne. Bergensmeieriet etablert seg nord for planområdet, i Minde Allé 10, i 1960. Noko lenger sør, og nærare planområdet i Kanalveien, flytta Martens Brødfabrikk inn i det som då var eit av dei største og mest moderne bakerianlegga i Nord-Europa ved årsskiftet 1965/1966. (Fig. 16 og Fig. 17).

Kristianborgvatnet fekk ligge som ope vatn, men myra i nordenden av vatnet vart fylt opp. Det var her Televerket bygde sin montørstasjon med kontor, lager og garasjar i 1980 (Fig. 18 og 19). Denne bygningen, Conrad Mohrs veg 15, ligg i planområdet, saman med eit ope lagerbygg bygd som stolpelager sør for det store næringsbygget. Det var i 1980 etablert veg utanfor Bergensmeieriet og Martensbygget. Kanalveien vart så knytt saman med Fjøsangerveien på vestsida av planområdet. Kanalvegen vart då dels lagt over den gamle togtraseen. Endringane går tydeleg fram av luftfoto frå tida før og etter etableringa av rundkøyringa som knyt Kanalvegen til Fjøsangervegen nordvest for planområdet (Sjå Fig. 4 - Fig. 6).

2.2 Sentrum og villabygging

Den første sentrale staden på Minde var området kring Minde jernbanestasjon, som låg noko nord for planområdet. Her etablerte fleire handelsmenn seg og det var postopneri og handelsgartneri.

Med etableringa av Vossebanen vart reisetida inn til Bergen overkomeleg for dei som arbeidde i byen, og det var skattemessige fordelar med å bu i Fana kommune. Ved hundreårsskiftet var inntektsskatten i Bergen 13-14 %, medan den i Fana var 3-4 %. Det som på slutten av 1800-talet hadde vore reint jordbruksland (Fig. 8) vart til lukrative tomter (Fig. 10). Draumen om eit eige hus med ein liten hage låg nærmare utanfor bygrensene til Bergen. Dei første som flytta var dei velstående, men med den økonomiske oppturen under første verdskrig flytte stendig fleire frå middelstanden til dei nye villastroka.

Karl Egil Johansen har i band 3 av Fana Bygdebok synt den veldige folkeveksten for dette området. I 1875 budde det 25 personar innanfor grensene til garden Nyhagugen. I 1900 hadde dette talet vokse til 185 og i 1920 var det 908 personar som budde under

gardsnummer 15. Villabusetjinga som omkransar Kristianborgvannet er eit resultat av denne utviklinga tidleg på 1900-talet. Mange av villaene på aust- og vestsida av vatnet skriv seg frå tida frå 1910 til 1920.

3. Bygningsmiljø

Det er ikkje registrert nokon freda kulturminne eller bygningar innafor planområdet i Askeladden (kulturminnesok.no), eller hjå miljøstatus.no. Det er heller ikkje nokon sefrak-registrerte bygg i eller tett ved planområdet. Det næraste fornminne er eit steinalderfunn, Nyhaugveien 9, knytt til ein buplass som er den eldste kjente i Bergen. Dette funnet ligg nordaust for planområdet, bak Martens Brødfabrikk (seinare NRK) i Kanalveien 90.

Dei kjende kulturminneverdiane nær planområdet er særleg knytt til villabusetjinga på vest, sør-vest og austsida av planområdet. Utbygginga av området har vore nært knytt til kommunikasjonsutviklinga, med etableringa av Fjøsangerveien, Vossabanen og det store behovet for nye bustader for eit veksande Bergen.

Området vart regulert til småhusbebyggelse i den store Mindereguleringa som arkitekt Georg Greve laga i 1918, stadfesta i 1920 (Fig. 23). Avgjerdslo om å regulere områda mellom Minde og Nesttun kom etter at husbygginga i området skaut fart utan at Fana kommune hadde fått lagt føringar for framtidige planar. Strukturen som ligg i denne Mindereguleringa kan ein framleis sjå i bygningsmiljøet (Om ein held Fig. 23. saman med med varslingskart Fig 1. og luftfoto frå 2016 Fig. 7 ser ein dette). Fleire av villaane nær planområdet er sett opp før Mindereguleringa var ferdig – og det er og mange villaer frå seinare tiår nær planområdet. Variasjonen i bygningsmiljøet går fram av oversynsfotografia frå området (Fig. 26.-29).

Vest for planområdet, skilt frå området av den trafikkerte Fjøsangerveien, er det fleire særmerkte villaer med eldre bygningsdetaljar.

Fjøsangerveien 173, teke i bruk 1930, er ein steinvilla med opphavelge detaljar (Fig. 30). Eit markert inngangsparti med runde steinsøylene er sentrert i austfasaden. Over inngangspartiet er det ei forseggjort ark, og villaen har eit vakkert mansardtak med ein liten svai ved takfoten, noko som gir bygget preg av nyklassisismen.

Fjøsangerveien 185, bygd i 1904, er eit av dei eldste husa nær planområdet. Huset ligg høgt, trass nærleiken til Fjøsangerveien, og slik friare enn mange av dei andre villaene (Fig. 31). Huset er mykje endra sidan 1904, men både steinoppbygginga kring huset og detaljar i fasaden verkar å vere opphavlege.

Conrad Mohrs veg 25, 29 og 33. Rett før skipsreiar Berent Daniel Olsen døydd i 1912 parsellerte han ut tomter til dei tre sønene sine, Fredrik, Abraham og Andreas på austsida av Kristianborgvandet. Dei tre kvitmåla husa til Odfjell-brørne var i fleire tiår landemerke i landskapet (Fig. 13). Med bygginga av eit nytt kontorkompleks, oppført i 1972 og teke i bruk i 1973, endra bygningsmiljøet seg langs vatnet. Det nye kontorkomplekset, Conrad Mohrs veg 29, var teikna av arkitekt Tor Tryti, seinare kom satelittbygningar til (1989-90), teikna av arkitekt Halfdan Wiberg (Fig. 32). Det særmerkte kontorkomplekset ligg tett saman med steinvillaen Conrad Mohrs veg 25 frå 1912 (Fig. 33 og Fig. 34). Denne steinvillaen ligg tett ved det søraustre hjørnet av planområdet. Sør for kontorkomplekset

ligg Conrad Mohrs veg 33 frå 1914 med sine opphavelege, førseggjorde detaljar (Fig. 35 og Fig. 36)

Kirkevegen 10, oppført i 1927 (Fig. 37): og **Hasselstien 1** frå 1915 (Fig. 38) er to av dei eldre villaene tett ved planområdet på austsida som har mykje av sitt opphavlege særpreg.

Einebustaden **Kirkevegen 4 B** (Fig.40) frå 2004 er eit moderne funkishus ved det nordaustre hjørnet av planområdet, som syner noko av variasjonen i bygningsmiljøet.

Kanalvegen 117A og B. Tett nord for planområdet ligg Odfjells rederi, bygd i to trinn. Det første frå kring 1915 er i Bergensk nybarokk med eit markant steinsett inngangsparti (Fig. 40). Bygget er særprega av god materialkvalitet og flotte arkitektoniske detaljar. Eit tilbygg kom til i 1965, teikna i av arkitekt Chr. Stensaker. Dette er i streng 1960-talsmodernisme med påskosta bygningsdetaljar (Godt synleg i luftfoto frå 1970 Fig. 17). I Byantikvaren sine føringar for områdeplanen Næringskorridoren heiter det at byggets eksteriør skal bevarast.

Noko lenger vest, med utsyn rett ned mot planområdet, tronar **Minde skole** – synleg for store område på austsida av Bergensdalen (Fig. 41). Skulen, som er teikna av arkitekt Erling Ross, er eit eksempel på monumental, nyklassisistisk skulearkitektur frå 1920-talet. I Byantikvaren sin kulturhistoriske rapport om skulebygg i Bergen frå 2013 er det framheva at skulen har svært høg verneverdi.

3.2 Bygningane innanfor planområdet

Dei to bygga som i dag står i planområdet var opphavleg sett opp av Televerket (Fig. 18 - Fig. 20). Det kontor- og næringsbygget som i dag står i planområdet er bygd i fleire trinn. Både utvendig og innvendig er det gjort store endringar sidan 1980, men for dei omkringliggende villaene har ikkje desse endringane i bygget hatt mykje å seie, sidan det samla volumet og høgda på bygget ikkje har vorte vesentleg endra. Bygget framstår framleis som eit lågt nærings- og kontorbygg over eit stort areal, tidstypisk for overgangen mellom 1970- og 80-talet.

I det første byggesteget, som stod ferdig i 1980, var det lager, kontor, nokre mindre verkstader, velferdsrom og garasjeanlegg for omlag 75 tenestebilar (Sjå teikningane i vedlegg 1.) Grunnarealet til bygget var på 6605 m², medan det samla brutto bruksarealet var på 7870 m². Bygget vart reist på sprengsteinsfylling lagt på myra, og av byggesøknaden går det fram at delar av bygget er pelefundamentert.

Bygget var grovt delt i tre større blokker (Fig. 21). Blokk-A var i to etasjer, ei 1.etasje og ei mellometasje, der kontor mønstring og velferdsrom var i mellometasjen. Blokk B, med lager og garasje, var i berre ein etasje. Også blokk C vart oppført i berre ein etasje. Utvendig var det ulike ytterveggar. For Blokk-A, som utgjorde vestfasaden, var ytterveggane av tegl-skalmurskonstruksjon, som var utvendig fuga. For Lager-delen i blokk B1 og B2 var veggane av betongelement, med overflater av frilagt singel. Dette var også overflatene på dei uisolerte betongelementa for Blokk B3 og C. Bygget var konstruert for å kunne tilfredsstille seinare påbygg.

I 1981 vart eit ope stolpelager sett opp på steinfyllinga sør for hovudbygget (Fig. 51). Det går ikkje klart fram av byggesaksarkivet når atriumet som mange av kontora i bygningen i dag ser inn i vart etablert, men her har det skjedd endringar i bygningsmassen. Frå 1995 finst det bygningsteikningar av sørfasaden, med der det er teikna inn ei rehabilitering av denne delen av bygningen (Fig. 22). I dag er det to fulle etasjar med kontor i denne delen av bygget (Sjå brannteikningane, vedlegg 2.) som ser inn i eit atrium (Fig. 49) Taket er ei aning høgre i dette partiet enn i bygget elles (Fig. 43). I 2008 kom det til eit nybygg i det nordvestre hjørnet av bygget. Denne nyaste delen av bygget, med kontor og møterom, står på betongsøyler og har endra vest- og nordfasaden til bygget (Fig. 42), der og inngangpartiet er endra frå det opphavlege. Ytterveggane vart her utført i teglstein som resten av vestfasaden.

Innvendig er det gjort store endringar i rominndeling og overflater. Omfanget av endringane går fram om ein ser planteikningane av det opphavlege godkjende bygget saman med brannteikningane for bygget i dag. (Sjå vedlegg 1 og vedlegg 2) Endringane skjer framleis – under synfaringa i november vart det gjort klart nye kontor i første etasje av kontorområdet som omkransar atriet (Fig. 48). I den søraustre enden av bygget, i det som opphavleg vart kalla B-blokka, har nett Bergen Mursenter etablert seg og det vart gjort tilpassingar for denne verksemda (Fig. 50)

4. Andre typar kulturminne

Kulturmiljøet på Minde er nært knytt til utviklinga av Vossebanen som opna i 1883. Jernbanelina gjekk langs kanten av myra og på vestsida av Kristianborgvatnet. Minde stasjon opna i 1894. Rett vest for planområdet kom så Kristianborg haldeplass i 1930, med eit lite skur og tilkomst (Fig. 15). Holdeplassen er synleg i luftfoto frå 1951: Fig. 4). Denne haldeplassen vart nedlagt i 1964. Om ein held luftfoto frå 1951 (Fig. 4) saman med luftfoto frå 2016 (Fig. 7) frå planområdet, så ser ein at Kristianborg holdeplass låg omlag midt i det som i dag er rundkøyringa vest for Conrad Mohrs veg 15.


Det er opparbeidd ein sykkelsti som dels fyl den gamle Vossebanetraseen parallellt med Kanalvegen (Fig. 58), men vest for planområdet er linjedraginga ei anna enn den historiske jernbanelinja (Fig 4. og Fig. 57). Luftfotoa frå 1951 og 2016 gir her eit godt inntrykk av endringane etter at jernbanesporet vart teke bort.

Spor etter det opphavlege ved dei tidlege ferdslårane Fjøsangerveien og Vossabanen er overbygde av den nye og breiare vegen, men framleis er den tungt trafikkerte Fjøsangervegen noko som pregar området.

Kanalen mellom Solheimsvannet og Kristianborgvannet, vart overbygd med etableringa av tyngre industri på Mindemyren. Nærast Kristianborgvannet, på myrområdet der BIR-bygget i dag ligg, låg vatnet lenge ope. Fotografi av området syner at nett dette området nord for Kristianborgvatnet lenge heldt karakteren det hadde hatt frå jordbrukstida. Nærast vatnet eit våtlent myrområde, lenger nord likar det meir utmark. På eldre fotografi kan det sjå ut som det er eit skilje der gardsgrensa mellom Nygård og Nyhaugen (Fig. 56), seinare Kristianborg og Minde gjekk, men dette finst det ikkje spor av i dag.

Mellom BIR-bygga og Kristianborgvannet går det i dag ein tursti. Det er litt skog på kvar side av denne – og nordaust for vatnet ligg ei lita, sterkt setningsskada, grusbane.

5. Foto og kart



Figur 1. Planområdet, slik der teikna inn i varslingskartet for reguleringsplanen.



Fig 2: Oversiktsbilete over Mindemyren med planområdet og Conrad Mohrs veg 15 sentrert i bilete.



Fig. 3: Utsnitt av Gottenbergs kart frå 1772. Ein kan tydeleg sjå ein vassveg mellom Kristianborgvannet og Solheimsvannet på kartet. Den nye køyrevegen, seinare Fjøsangervegen, er og markert i kartet. Statens Kartverk.



Fig. 4: Ortofoto av planområdet avfotografert i 1951. Henta frå norgesbilder.no [lesedato 20.12.2018]



Fig. 5: Ortofoto av planområdet avfotografert i 1970. Henta frå norgesbilder.no [lesedato 20.12.2018]



Fig. 6: Ortofoto av planområdet avfotografert i 1980. Henta frå norgesbilder.no [lesedato 20.12.2018]




Fig. 7: Ortofoto av planområdet avfotografert i 2016. Henta frå norgesbilder.no [lesedato 20.12.2018]



Fig. 8: Utsnitt av Knudsenbilete «Udsigt mod Noraasvatnet og Solheim ved Bergen». Bilete er teke ein gong mellom 1885 og 1888, og syner tydeleg området nord for Kristianborgvannet i tida då dette var jordbruksland. Henta frå UBB Bildesamlingen <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-2127-0918.html> [lesedato 20.12.2018]




Fig. 9: Gardskart for gardane kring den nordlege delen av Nordåsvatnet. Nord for Kristianborgvannet er delelinja mellom Kristianborg og Minde det som var delelinja mellom Nygård og Nyhaugen. Kartet er henta frå Fana Bygdebok Gards og Ættesoge band 4



Fig. 10: Dette Knudsenbiletet syner planområdet etter at utviklinga med utpørsellering og villabygging har skote fart. Kristianborgvannet ligg her omlag midt i biletet. Vi ser dei tre Odfjell-villaene til høgre i biletet. Planområdet ligg som utmark nord for vatnet, og Den norske hårduksfabrikk har etablert seg nord for dette, litt aust for togtraseen. Biletet er teke 1914-1918. Henta frå UBB Billedsamlingen: <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-pk-0924.html> [lesedato 20.12.2018]



Fig. 11: Kristianborgvannet i 1912. Husa i bakgrunnen vert seinare liggande i ved Conrad Mohrs veg og Kirkevegen. Henta frå boka «Fana - slik det en gang var»



Fig. 12: Villabusetjinga på vestsida av planområdet, slik det såg ut i 1926/27. Henta frå UBB Billedsamlingen <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-pk-1798.html> [lesedato 21.12.2018]



Fig. 13: Dei tre Odffjell-villaene på austsida av Kritianborgvannet. Henta frå UBB Billedsamlingen: <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-n-291-047.html> [lesedato 21.12.2018]



Fig. 14: Gamle Minde stasjon låg ved Minde Allé. Bilete er frå 1909 og teke noko nord for planområdet. Toget er på veg sørover mot planområdet. Olaf Andreas Svanøe. Gamle Bergen Museum



Fig. 15: Damplokmotiv på Kristianborg holdeplass 1954. Norsk jernbanemuseum.



Fig. 16: Bileta av planområdet frå 1964. Bilete er teke medan grunnarbeidet for Martens Brødfabrikk er igang. Ein ser tydeleg linja i jernbanen som skråar opp mot Fjøsangerveien frå den kvite bygningen Odfjell rederi (Kanalvegen 117A i dag). Dette er før tilbygget har kome i sørenden av rederibygningen. Henta frå: <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-143643.html> [lesedato 21.12.2018]



Fig. 17: I 1970 hadde fabrikkbygningen til Den norske hårduksfabrikk framleis sine opphavelige kjenneteikn, men endringane mot det samansette næringsbygget som i dag står hadde byrja. Til venstre i dette bilete ser vi Odfjell Rederi, med det nye modernistiske påbygget i sør. Henta frå UBB Billedsamlingen: <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-204884.html> [lesedato 21.12.2018]



Fig. 18: «Kristianborg. Fra åpningen av stasjonen» er teksten til dette bilete frå 1980. Bilete syner nybygde Conrad Mohrs veg 15 i 1980. Norsk Telemuseum.




Fig. 19: Nordfasaden til nye Conrad Mohrs veg 15 i 1980. «Kristianborg. Montørstasjon» hjå Norsk Telemuseum.



Fig. 20: «Fra åpningen av stasjonen». Bilete av det nye bygget i Conrad Mohrs veg 15 frå 1980. Norsk Telemuseum.




Fig. 21: Utsnitt av situasjonsplan «Televerket, Kristianborg, Bergen», datert 17.04.78. Syner inndelinga i dei fire blokkene. Byggesaksarkivet, Bergen kommune.




Fig. 22: Teikning av fasadealternativ for sørfasaden av «Telenor Kristianborg» datert 26.10.1995. Byggesaksarkivet, Bergen kommune.



Fig. 23: Mindereguleringen 1920. Henta frå: <http://www.bergenskart.no/braplan/planInnsyn.jsp?planid=30010000&kildeid=1201> (På denne linken er det og mogeleg å sjå teiknforklaringar)



Fig. 24: Oversikt over planområdet. Nord- og vestfasaden av Conrad Mohrs veg 15.



Fig. 25: Oversikt over planområdet. Bilete teke frå Storetveit kyrkje og nordover.



Fig. 26: Oversikt villabuseejinga på vestsida av planområdet. Under: Fig.27: Villabusetjing på austsida.





*Fig. 28: Planområdet i forgrunnen. Den nordlige delen av villabusetjinga på austsida av planområdet.
Under: Fig. 29: Villabusetjinga på vestsida av planområdet. Bilete teke frå gangbru over Fjøsangerveien.*





Fig. 30: Fjøsangerveien 173



Fig. 31: Fjøsangerveien 185



*Fig. 32: Oversiktsbilde over Conrad Mohrs veg 25, 29 og 33, teke frå nordenden av Kristainborgvannet.
Under: Fig. 33: Austfasaden av Conrad Mohrs veg 25.*





Over: Fig. 34: Inngangsparti i vestfasaden Conrad Mohrs veg.



Til Høgre: Fig. 35: Inngangspartiet i austfasaden Conrad Mohrs veg 33. Under heile fasaden. Fig.36





Fig. 37: Kirkevegen 10 oppført 1927. Under: Fig 38: Hasselstien 1 frå 1915.





Fig. 39: Kirkevegen 4B fra 2004. Under: Fig. 40: Kanalvegen 117A. Odfjells rederi - den eldste delen fra 1915





Fig 41: Minde skole teikna av Erling Ross. Skulen stod ferdig i 1925.



Fig. 42: Vestfasaden av Conrad Mohrs veg 15. Omlag midt i fasaden ligg skiljet mellom den nye og den eldste delen av bygget. Ein kan her sjå ei fargeendring i takpartiet.



Fig. 43: Midtpartiet av sørfasaden av Conrad Mohrs veg 15. Dette partiet er rehabilitert og endra frå det opphavlege i 1980. Bygget har vorte ei aning høgre enn det var i 1980.



Fig. 44: Delar av austfasaden av Conrad Mohrs veg 15.



Fig. 45: Resepsjonsområdet, slik det framstår i dag. Til venstre i dette bilete ligg tilfluktsrommet. Mykje er endra frå det opphævelege. Væggar er fjerna for å åpne opp og det er sett inn eit nytt sett med dører, slik at ein går gjennom to doble dører på veg inn i bygget. Eit kopirom har kome til bak resepsjonen.



Fig. 46: Ein gamal telefon som framleis heng, eit lite forteljande element i bygget, som opphæveleg var bygd av Televerket.



Fig. 47: Garasjeanlegget. Her parkerer BIR bossbilane. Ligg i det som opphavelig vart kalla blokk B3 og C i situasjonsplanen. Nordaust i bygningen.



Fig. 48: Det vert bygd nye kontor i midtpartiet i sørenden av bygget.



Fig. 49: Utsikt frå kontor i 1. tasje i det som opphavelleg vart kalla Blokk B1. Inn moatriumet.



Fig. 50: Bergen Mursenter.



Fig. 51: Stolpelageret sett opp sør for hovedbygningen i 1981.



Fig. 52: Kantinen i Conrad Mohrs veg 15. Den ligg i 2. etasje vest i bygget, med utsyn opp mot Fjøsangerveien.



Fig. 53: Typisk kontor i Conrad Mohrs veg 15. Dette nord i bygget, i 2. etasje nær inngangspartiet.



Fig. 54: Korridoren utover i den nye fløyen av bygget. 2. etasje. Bilete teke nordover.



Fig. 55: Vaskar i garderobeområdet i 2. etasje. Større garderobeanlegg med rein- og skita sone for sjåførane i BIR.



Fig. 56: Utsnitt av bilete teke ein gong mellom 1914 og 18. Henta frå UBB Billedsamlingen: <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-pk-0926.html> [lesedato 21.12.2018]



Fig. 57: Sykkelveg vest for planområdet (bilete teke sørover). Under: Fig. 58. Sykkelvegen nord for planområdet (bilete teke nordover).



Oppsummering og konsekvensar for eksisterande kulturmiljø

Kort oppsummert så ligg planområdet på Minde ved Kristianborgvannet, i Årstad bydel og omfattar i hovudsak eigedomane gnr. 17, bnr. 157 og gnr. 15, bnr. 468. På eigedomane ligg i dag administrasjonsbygget til BIR, med adressa Conrad Mohrs veg 15. Området grensar til område med næringsbygg i nord, Fjøsangerveien og Kanalveien i vest, til bustadområder i aust og til Kristianborgvannet i sør. Føremålet med reguleringa er å legge til rette for ei endring frå dagens bruk som næring og kontor, til bustad, nærings- og forretningsføremål. Andre føremål som fell inn under sentrumsføremål vil også verte vurderte. Eksisterande bygg er planlagt fjerna, og nye bygg planlagt med utgangspunkt i vedteken område-reguleringsplan for eigedomane.

Kjende kulturminneverdiar nær planområdet er særleg knytt til villabusetjinga på vest, sør-vest og austsida av planområdet. Utbygginga av området har vore nært knytt til kommunikasjonsutviklinga, med etableringa av Fjøsangerveien, Vossababnen og det store behovet for nye bustader for eit veksande Bergen. Kanalen mellom Solheimsvannet og Kristianborgvannet har historisk vore karakteristisk for området, men vart overbygd med etableringa av tyngre industri på Mindemyren. Nærast Kristianborgvannet, på myrområdet der BIR-bygget i dag ligg, låg vatnet lenge ope.

Arkitekten for det planlagte prosjektet opplyser om at «prosjektet fokuserer på de naturlige karakterene i området, bydelens historie, og gir vandringen gjennom den fremtidige Mindemyren et målpunkt, en livlig destinasjon i direkte nærhet til Kristianborgvannet. Sammenheng mellom det urbane strøket og friområdet ved Kristianborgvannet har vært et mål i utformingen. Naturen trekkes inn fra sør, og får samtidig

en gradvis overgang til en mer urban karakter i nord. Til sammen skaper det områder av aktivitet, ro og god bokvalitet. Området er delt i to soner, S1 med kontorfunksjoner og S2 med boliger. Mellom sonene ligger den grønne almenningen med offentlig areal. Her vil det bli etablert en bekk som er tilrettelagt for ferskvannsfisk som skal gyte. Dette tilbakefører det grønne strekket med bekken som har vært en del av Mindemyrens historie.»

Arkitekten viser vidare til at bydelen si historie har vore premissgjevande for fleire aspekt ved utforminga av dei planlagte bygga i planområdet.

Takutforming:

I området er det fleire villaer med mansardtak. Bustadsonen i det planlagte prosjektet viser til dette arkitektoniske grepet ved å gje dei nye bustadane ei side med mansardtak, som senker den opplevde byggehøgda.

Vindaugsutforming:

Prosjektet tar i bruk regulære vindaugsplaseringar med vertikale vindauger i likheit med eksisterande busetnad.

Materalitet:

Prosjektet har tenkt å nytte seg av materialer som er veletablert i eksisterande busetnad frå ulike tidsepokar. Liggande vest-landskledning som er malt i karakteristiske bergensfargar viser til trehusbusetnaden i området. Ulike variantar av teglstein viser til den industrielle historia som har vore identiteten til området i over 100 år. I tillegg vil det bli brukt innslag av pussa fasade i tråd med Kanalveien 117A og tilsvarende bygg fra same periode.



Perspektivskisse, det planlagte prosjektet sett frå nord. Kjelde: b+b arkitekter AS.



Perspektivskisse, det planlagte prosjektet sett frå nord. I forgrunnen ser ein også planlagte prosjekt i nabofelt. Kjelde: b+b arkitekter AS.



Perspektivskisse, det planlagte prosjektet sett frå søraust. I forgrunnen ser ein også planlagte prosjekt i nabofelt.
 Kjelde: b+b arkitekter AS.



Perspektivskisse, det planlagte prosjektet sett frå søraust. Til høgre i bildet ser ein også planlagt prosjekt i nabofelt.
 Kjelde: b+b arkitekter AS.



Skissa viser overordna plangrep. Eksisterande landskap/vegetasjon i sør skal bevarast, og bekk skal gjenopnast. Kjelde: b+b arkitekter AS.



Detaljskisse frå planlagte prosjektet, sett frå nord, viser den planlagte gjenopninga av bekk. Kjelde: b+b arkitekter AS.



Det planlagte prosjektet, perspektiv frå Kristianborgsvatnet i sør. Kjelde: b+b arkitekter AS.



Det planlagte prosjektet, eksempel på bruk av mansardtak. Kjelde: b+b arkitekter AS.

7. Litteratur og kjelder

Breivik, Gro. 2015 : *Det var sånn det var. Oppvekst 1940-1950*. Bodoni Forlag. Bergen

Byantikvaren i Bergen. 1997. *Kulturminnegrunnlag for næringskorridoren*.

Byantikvaren i Bergen. 2013. *Kulturminnegrunnlag Mindemyren. Tillegg til kulturminnegrunnlag for næringskorridoren*.

Byantikvaren i Bergen. 2013. *Kommunale skoler i Bergen kulturhistorisk rapport om skolebygg fra 1774 til 1979*.

Gubberud, Ivar J.. 1983: *Vossebanen 1883-1983: en beretning om Vossebanens tekniske, økonomiske og politiske historie gjennom hund år*. Norsk jernbaneklubb

Hordaland Fylkeskommune. *Utgreiing om kulturminneverdiene i planforslaget Mindemyren*

Johansen, Karl Egil. 1993. *Fanabu og bymann*. Bind 3 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Kulturminnedokumentasjon - Mindeporten henta frå: https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00125/Kulturminnedokument_125847a.pdf

Larsen, Jacob T. 2002. *Gards- og ættesoge*. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Myking, John Ragnar. 1990 *Bønder nær byen 1665-1870*. Bind 2 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Thowsen, Stein og Harald Garmannslund. 2000. *Årstad – historisk vandring i en ny bydel*. Forlaget livskunst AS, Bergen.

Thowsen, Stein og Harald Garmannslund. 2002. *Fana - slik det engang var*. Forlaget livskunst AS, Bergen.

Thowsen, Stein og Stig Tenold. 2006. *Odfjell The History of a Shipping Company*. Odfjell ASA Bergen.

Tiller, Hans Petter. 1987: *Boken om Minde: en krets-en skole- et musikkorps gjennom tidene: Minde skoles musikkorps 30 år*. John Grieg A/S Bergen

Byggesaksarkivet, Bergen kommune.

Nettressursar:

bergenskart.no

bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon

digitalarkivet.no

marcus.uib.no

norgebilder.no

seeiendom.no

digitaltmuseum.no